

## Målsetjing for Pårørandeskulen

- Å gi pårørande auka kunnskap om demens
- Å gi grunnlag for at pårørande betre kan takle sin situasjon
- Å betre kvaliteten på samværet med den sjuke, i heimesituasjon og på institusjon.
- Bidra til at pårørande får kjennskap til kva rettar dei har, og korleis ein får kontakt med hjelpeapparatet



Ørsta kommune



Volda kommune

# Pårørandeskule våren 2021

## Påmelding

Dersom du ynskjer å vere med på pårørandeskulen må du ta kontakt med ein av desse personane:

Astrid Dimmen (Volda kommune)

Tlf: 95 77 05 24

Epost: [astrid.dimmen@volda.kommune.no](mailto:astrid.dimmen@volda.kommune.no)

Kjersti Årøen (Ørsta kommune)

Tlf: 91 52 86 57

Epost: [kjersti.elin.aroen@orsta.kommune.no](mailto:kjersti.elin.aroen@orsta.kommune.no)

Ved påmelding treng vi namn og telefonnummer.

Frist for påmelding er 8. mars 2021

I samarbeid med Volda og Ørsta Demensforeining

Nasjonalforeningen  
for folkehelsen



Kursstad: Ørsta Røde Kors

## **Formål**

Ørsta kommune og Volda kommune tilbyr pårørandeskule for nære pårørande til personar med demens. Kurset går over fire kveldar i mars frå kl. 18.00.

Kommunane samarbeider med Volda og Ørsta demensforeining om kurset. Denne foreininga vart skipa i 2009 og er eit lokallag i Nasjonalforeingen for folkehelsen.

Demensforeininga arbeider for å spreie informasjon om demens, hjelpe dei pårørande, og fremje best moglege livsvilkår for dei som vert ramma av demens.

Kvar samling har faglege innlegg og tid til spørsmål og samtale.

Kursstad våren 2021 er Ørsta Røde Kors sine lokale i Strandgata 21, Ørsta. Kurset er gratis.

## **Smittevern**

Arrangørane tek ansvar for at gjeldande avstandskrav og smittevern blir fulgt under heile kurset.

Som ledd i smittevernarbeidet blir namn på deltagarar og kontaktinformasjon nedteikna på lister. Desse vert makulert etter 14 dagar.

Personar som er sjuke, eller har vore sjuk dei siste dagane, skal ikkje delta på arrangementet.

## **Program**

### **Torsdag 11. mars: Om å kommunisere med personer med demens**

**Anne Sofie Egset** er pensjonert førstelektor ved Høgskulen i Volda og har studert pårørande sine opplevingar når demens rammar. I tillegg har ho personlege erfaringar med demens i familien

### **Torsdag 18. mars: Friskliv og fysisk aktivitet - også for personar med demens!**

**Karen Øie** er frisklivskoordinator i Ørsta kommune

### **Tysdag 23. mars: Om demens og konsekvensar av sjukdomen**

**Linda Gramshaug Fonseca** er sjukeheimslege ved Ørstaheimen

### **Torsdag 25. mars: Kva rettar har ein og kva tilbod finst i Ørsta og Volda?**

**Astrid Dimmen** om brukarmedverknad, pårørande sine rettar og tenestetilbodet i Volda kommune

**Kjersti Årøen** om tenestetilbodet i Ørsta kommune

**Karianne Sveen Orvik** om teknologiske løysingar som støtter tryggleik og meistring